



Frank Mohn Flatøy AS  
Flatøyvegen 24  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3594 - 15/1112

Saksbehandlar:  
Bjarte Buanes  
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:  
20.01.2015

## Gebyr for handsaming av søknad om rammeløyve for utfylling av sjø mellom gbnr. 1/57 og 1/284 i Meland kommune

**Administrativt vedtak. Saknr: 20/2015**

### Saksutgreiing

Med tilvising til vedtak av 1.12.2014 i DNT-sak 348/2014 følgjer her vedtak om gebyr for kommunen si handsaming av søknaden om rammeløyve, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste for 2014 (Gebyrregulativet).

Med heimel i høvesvis pbl. § 31-1 og Gebyrregulativet pkt. 4.1 skal kommunen regne gebyr for kommunen sine naudsynte kostnader, tilknytt administrasjonen sin handsaming av søknad om byggjeløyve, i samsvar med satsar og føresegner fastsett i regulativet. Administrasjonen skal dertil vurdere om gebyrfastsetting skal skje på grunnlag av medgått tid eller etter standardisert sats, jf. pkt. 4.3.

Med omsyn til omfang og kompleksitet vert gebyr for kommunen sin handsaming av søknaden om rammeløyve fastsett etter medgått tid, jf. Gebyrregulativet pkt. 4.3 åttande ledd, atter jf. pkt. 5.1.1.

Av kommunen sitt samla arbeid med søknaden fram til vedtaket om rammeløyve låg føre har administrasjonen registrert til saman 60 timar fakturerbar tid. Tidsbruken har i hovudsak omfatta registrering og gjennomgang av søknad m/ vedlegg og etterfølgjande tilleggsdokumentasjon, førebuing og gjennomføring av fleire møte med representantar både frå tiltakshavar si side, naboar og tredjepartar, gjennomgang og utgreiing av høvesvis saksforhold, gjeldande og historiske plangrunnlag og rettsgrunnlag elles, vurdering av søknad, skiving av vedtak og administrative oppgåver elles under sakshandsaminga.

Medgått tid til generell rettleiing ovanfor tiltakshavar, naboar og tredjepartar om regelverk, saksgang mv. – under dette òg administrasjonen si deltaking ved felles orienteringsmøte med bebuarar i kommunen – er ikkje medrekna ved gebyrfastsettinga. Det er heller ikkje medrekna tidsbruk for arbeid og andre kostnader

kor gebyrplikt er unntatt eller regulert av anna regelverk (Forvaltningsloven, Offentleglova, Kart- og planforskriften mv.).

## **Vedtak**

*Med heimel i Plan- og bygningsloven § 31-1 vert gebyr for Meland kommune si handsaming av søknad om rammeløyve for utfylling av sjø mellom gbnr. 1/57 og 1/284 i DNT-sak 348/2014 fastsett til kr. 51 000,-.*

*Gebyret er fastsett etter medgått tid (60 timar å kr. 850,-) i samsvar med Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste (2014) pkt. 4.3 åttande ledd og pkt. 5.1.1.*

*Gebyret er fritatt meirverdiavgift.*

*Gebyret skal betalast til Meland kommune v/ økonomikontoret i samsvar med vedlagte faktura.*

**Gebyret er fastsett ved forskrift, jf. vedtak frå Meland kommunestyre av 11.12.2013 i KS.sak 084/13. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, jf. Forvaltningsloven §§ 3, 28 og 40. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå, eventuelt over den nærmare fastsettinga ved medgått tid.**

**Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Ved klage skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.**

**Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.**

Med venleg helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Vedlegg:**

20150122140115

## **Kopi til:**

'bent.stensaker@multiconsult.no'

**Mottakere:**

Frank Mohn Flatøy AS

Flatøyvegen 24 5918

FREKHAUG